



Gunn Mari Moberg har teke initiativ til haustmarknad og loppemarknad. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Uskedalen har hatt ein fenomenal sommar med stor aktivitet og mykje besøk. Det har vorte meir liv i bygda. No må vi ikkje falle saman og stagnera, men halda stimen oppe.

Det held Gunn Mari Moberg fram og bed inn alle uskedelingar til ein triveleg haustmarknad.

- Kva meiner du med ein marknad i dette tilfellet?

- Laurdag 23. september vil vi prøva å få til ein marknadsdag utanfor butikken. Viss du har noko å selja, bør du møta fram. Eg tenkjer til dømes på ymse slags frukt, potet, egg og pølser – altså slikt som blir produsert i Uskedalen. Dei som skal selja må sjølv ordne med bord og utstyr og sjølv stå for salet. Inntektene går naturleg nok også til dei sjølv.

- Og så ynskjer du ein loppemarknad?

- Jau, det er også eit fristande 'prosjekt' som bør avviklast samstundes. Oppfordringa går til bygdafolket om å rydda kjeller og loft – der er det sikkert mykje som dei vil bli kvitt. Loppemarknaden skal haldast på Torgplassen ved grana.

- Kva med underhaldningsinnslag?

- Det har vi ikkje tenkt på ennå, men gode idear blir motteke med takk.

Det er enno lenge til jul og kvifor ikkje laga ein triveleg haustlaurdag medan vi ventar?

Av Ola Matti Mathisen